



Norsk studentorganisasjon

STUDENT AT RISK

Resolusjon vedtatt på Landsstyremøte 2-11/12 (25. - 27. november 2011)

SAIH meiner det er på tide at studentar blir tatt på alvor som endringsaktørar i samfunnet, og at dei vert beskytta frå angrep.

Studentar og studentrørsler har spelt ei vital rolle i dei fleste frededelege regimeomveltingane i vår tid. Dette er sjølvstøtt og alle autoritære leiarar fult klare over. Difor vert studentane ofte utsett for ein sterkare grad av overvaking og kontroll. Studentaktivisten sin akilleshæl er sjølvstøtt statusen hennar som student. Den avskrekkande effekten er også særstør. Ved å utvisa ein eller eit fåtal studentar, kan eit autoritært maktapparat dermed leggja lokk på ein stor og elles potensielt trugande masse.

Sidan det viktigaste verkemiddelet eit maktapparat har for undertrykking av studentmassen er avskrekking, har ein også eit betre høve enn elles til kontra slik undertrykking. For å stimulera til fortsatt engasjement i studentmassen, vil det ha særstør god effekt om ein kan hjelpa dei få studentane som vert nytta til å statuera eksempelet. SAIH meiner Noreg kunne gjort mykje for demokratirørsler om i verda og den akademiske fridomen til studentar ved å støtta fleire politisk utviste studentar SAIH ynskjer derfor at Noreg gjennom Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet tek eit internasjonalt ansvar for studentars rett til påverknad og rørslefridom. SAIH har tre konkrete forslag til korleis dette kan gjennomførast:

1. Ei utgreiing i samarbeid med studentar om korleis Noreg kan bidra til og byggja eit system for å ivareta truga studentar.
2. Ved å auke og utvide kvoteordninga til å gjelde for studentar som ikkje får moglegheit til å fullføre sine studiar grunne ytringar eller politisk aktivisme.
3. At det opprettas en internasjonal ordning gjennom Scholars at Risk modellen som ivareteke studentar.

NSO tilsluttet seg SAIHS uttalelse Students at risk.

Norsk studentorganisasjon (NSO) er en interesseorganisasjon for studentdemokrati ved norske høgere utdanningsinstitusjoner. Nesten 200 000 studenter er tilsluttet studentorganisasjonen. NSO arbeider for studentenes faglige, sosiale og økonomiske rettigheter. Mer informasjon om organisasjonen finner du på www.student.no

